Bømlo
kommune

# Kva skjer

## Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
## **2. mars til 8. mars**

**Måndag 2. Kl. - 18.00 - Naustlandet - Bømlo folkebibliotek**
Biblioteket får denne måndagskvelden besøk av Eva Røyrane, forfattaren bak *Naustlandet.* Ho vil presentera arbeidet med å dokumentera kystens kulturminne, og deira historie. Arrangementet er gratis, men ein må ta ut billettar på førehand på bomlokulturhus.no

---

**Tysdag 3. Kl. 10.00 - Seniortur - Hollundsmarkjo**
Bømlo turlag inviterer til enkel tur (grønt nivå) til Hollundsmarkjo. Oppmøte og start ved Svortland skule kl 10.00

---

**Onsdag 4. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall**
Arena  for aktivitet, meistring, helse og sosialt samvær for vaksne i Bømlo symjehall. Her kan ein symje i begge bassenga, alt etter kva ein sjølv ynskjer. Det er ei økt med aqua gym kl 12.45, for dei som ynskjer å vera med på det. Bill. pris kr 75

---

**Fredag 6. Kl. 19.00 - "Erlend Osnes - Fermentert" - Bømlo kulturhus**
"Fermentert" stadfestar Erlend Osnes som ein av Noreg sin beste historieforteljarar. Eit standup- show med mykje latter som du seint vil gløyma. Billettar kan kjøpast på bomlokulturhus.no - billettpris kr 490

---

**Laurdag 7. Kl. 19.00 - Hold mitt hjerte - Bremnes kyrkje**
Konserten er eit samarbeid med Bømlo gospel, der Peter Hallstrøm og Frøydis Grorud i tillegg har eigne nummer. Bill.pris kr 380

---

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med posten

# Nytt og nyttig

## Bu lengre heime

Har du trapp framføre ytterdøra di? Du kan søkja om tilskot for å få ei trinnfri løysning Har du nokon gong tenkt på korleis din bustad vil fungera når du blir skada, gamal eller har mindre overskot? Har du trapp framføre ytterdøra som gjer at du/dine gjestar ikkje kan trilla rullator eller andre hjelpemiddel inn og ut?



*Foto: Bømlo kommune*

Det kan vera smart å gjera endringar med bustaden før helsa sviktar heilt. Du kan søkja om tilskot for å laga ei trinnfri løysning dersom du fyller kriteria til NAV Hjelpemiddelsentral. Kontakt Ergo- og fysioterapitenesta for å få brosjyre, informasjon og/eller hjelp til dette.



Etter utbetring – trinnfri tilkomst, fast dekke, samt ein flott sitteplass! Dette gir ein reell oppgradering av tomta.

*Foto: Bømlo kommune*

Har du trapp framføre ytterdøra di? Du kan søkja om tilskot for å få ei trinnfri løysning Har du nokon gong tenkt på korleis din bustad vil fungera når du blir skada, gamal eller har mindre overskot? Har du trapp framføre ytterdøra som gjer at du/dine gjestar ikkje kan trilla rullator eller andre hjelpemiddel inn og ut?

Det kan vera smart å gjera endringar med bustaden før helsa sviktar heilt. Du kan søkja om tilskot for å laga ei trinnfri løysning dersom du fyller kriteria til NAV Hjelpemiddelsentral. Kontakt Ergo- og fysioterapitenesta for å få brosjyre, informasjon og/eller hjelp til dette.

**Kontaktinformasjon Bømlo kommune:**
E-post: postmottak@bomlo.kommune.no
Telefon: 53 42 30 00